



Pressemelding 24. oktober 2020

Stenger 1.-3. klasse på Sæbø skule

Ein ny tilsett på Sæbø skule har fått påvist koronasmitte. Skulen stenger difor for dei yngste trinna i heile neste veke.

Onsdag 21. oktober fekk kommunen beskjed om at ein tilsett på Sæbø skule var koronasmitta. Meldinga førte til at ein skuleklasse og fleire tilsette vart sett i karantene og testa.

– Vi har testa alle nærkontaktane til den som først fekk påvist smitte. Førebels har ein ny tilsett fått påvist smitte. Dette gjer at vi no må stenge skulefritidsordninga og to nye klassar, fortel kommunalsjef for oppvekst, Kristin Moe.

Plan for heimeundervisning

1.-3. klasse og SFO blir stengt frå måndag 26. til og med fredag 30. oktober.

– Elevar i desse klassane får ein plan som dei kan jobbe etter. Dette får dei føresette meir informasjon om frå kontaktlærar, fortel Moe.

Kommunalsjefen er imponert over måten rektor og dei tilsette på skulen har handtert situasjonen på. Ho rosar også foreldra.

– Tid er ein kritisk faktor når vi jobbar for å redusere smitte. Eg opplever at alle er «på» og gjer det som trengst – på ein rask og god måte, seier Moe.

Kven skal i karantene?

At 1.-3. klasse er stengt betyr ikkje at alle må halde seg heime og unngå kontakt med andre.

Det er berre nærkontaktar som skal i karantene. Førebels er nokre av dei tilsette og elevane i 2. klasse nærkontaktar.

Ein nærkontakt er ein som har vore tett på nokon som har fått påvist smitte. Elevar og tilsette som ikkje har vore tett på ein med påvist smitte treng ikkje å vere i karantene. Søsken og foreldre som bur med nærkontaktar er heller ikkje i karantene.



– Koronasenteret tar direkte kontakt med føresette til barn som har vore i kontakt med dei smitta og avtalar vidare oppfølging. Alle nærkontaktane får tilbod om ein test, fortel Moe.

Ta kontakt om du blir sjuk

I tida framover er det viktig at alle med symptom som feber, vondt i halsen, hoste, tung pust, hodepine, slappheit og nedsett lukte- eller smakssans blir vurdert for test. Dette gjeld alle, også dei som er i karantene eller på heimeskule.

Alle som treng helsehjelp må ta kontakt med lege.

– Testing og smittesporing gir oss viktig informasjon og gjer at vi klarar å handtere og begrense smitten. Det er særleg viktig å teste nærkontaktar som får symptom, sjølv om dei har hatt ein negativ test tidlegare, seier Moe.

Kontaktpersonar

- Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst
Mobil: 988 57 205